


LITLABØ SKULE

TRIVSEL, UTVIKLING OG LÆRING

Informasjonshefte for
skuleåret 2023-2024




Rektor:
Anne Hege Rogne
Adresse:
Gruvevegen 40
5415 STORD

Telefon: 53409670
Kontor: 53409670
Rektor: 53409672
SFO: 53409676

E-post:
litlabo.skule@stord.kommune.no
E-post rektor:
Anne.Hege.Rogne@stord.kommune.no

TRIVSEL, UTVIKLING OG LÆRING



Vel møtt til nytt skuleår !

Kjære elevar og føresette

Velkomen til skuleåret 2023-2024. Eg håpar alle har hatt ein super sommar og er klar for eit nytt og innhaldsrikt år her på Litlabø skule.

I år starta me fyrste skuledag med samling i gymsalen og har tatt imot 13 nye elevar på 1.trinnet. Då er me totalt 103 elevar og 20 tilsette ved skulen. Det er gjort nokre endringar i forhold til organiseringa på timeplanen til trinna. Dei er gjort mellom anna på grunnlag av at me skal kunne få større fleksibilitet og kunne utnytte ressursane best mogleg. Storskulen har mellom anna norsk, engelsk og matematikk samtidig. Nokø som gjer at me kan samarbeide meir om undervisning der det høver. Me organiserer friminutta som i fjor og deler opp små- og storskulen (kl.12.00 og 12.30). Då får elevane og større plass å være i aktivitet på.

Skulen ligg flott til med nærleik til fin natur like ovanfor gruveområdet på Litlabø. Me skal nytte naturen og nærmiljøet aktivt i undervisninga og ha uteskule ein dag/halv dag i veka. Me har og ulike faste tema som nærmiljøveka, Litlabø Grand Prix og Unicef-runden. Og startar opp i veke 35 med «Gruve veka» som har blitt ein tradisjon og ein del av kulturen på Litlabø skule. Dette er og eit samarbeid med Venelaget for Gruva.

Alle barn har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremmar trivsel, helse og læring (§9 A-2). Skulen skal være fri for alle former for krenkande åtferd og skal virke positivt på elevane si helse, trivsel og læring (§9A-2). Skulen har nulltoleranse mot krenkingar som mobbing, vald, diskriminering og trakassering på skulen, på skulevegen, på SFO og på leksehjelpa (§9 A-3). Det er viktig med eit godt samarbeid mellom skule og heim. Dersom du opplev at ditt barn blir utsett for krenkingar er det viktig at du tek kontakt med kontaktlærar, slik at skulen vert kjend med dette og på den måten kan setje i gang arbeid med å få til ei løysing.

Skulen og dei ulike klassetrinna jobbar aktivt med skule- og klassemiljø. Trinna har felles sosiale mål som ein over tid har fokus på. Elevrådet er og svært engasjert og involvert i korleis elevane skal ha det, og korleis me saman skal arbeide for eit trygt og godt skulemiljø ved Litlabø skule.

Lukke til med skuleåret 2023-2024!


Beste helsing

Anne Hege Rogne

-rektor-

TRIVSEL, UTVIKLING OG LÆRING

Tilsette



Administrasjon:

Anne Hege Rogne (rektor)

anne.hege.rogne@stord.kommune.no

Hege Karin Havn (avdelingsleiar 1-4)

hege.karin.havn@stord.kommune.no

Tone Beate Nordfonn (avdelingsleiar 5-7)

tone.beate.nordfonn@stord.kommune.no

Nina Lysen (avdelingsleiar SFO)

nina.lysen@stord.kommune.no

Lærarar:

Agnete Aas

agnete.aas@stord.kommune.no

Malin H. Jensen (i permisjon)

malin.hellesund.jensen@stord.kommune.no

Rikke Stenersen

rikke.helvik@stord.kommune.no

Berit Moen

berit.moen@stord.kommune.no

Ann Sissel Folkestad

ann.sissel.folkestad@stord.kommune.no

Wenche Tollaksvik

wenche.tollaksvik@stord.kommune.no

Linda Elisabeth Berg

linda.elisabet.berg@stord.kommune.no

Steinar Saghaug Halland

steinar.saghaug.halland@stord.kommune.no

Marie Isaksen Østerhus

marie.utslottøy.isaksen@stord.kommune.no

Emilie Aaserud Hystad (i permisjon)

emilie.aaserud.hystad@stord.kommune.no

Erlend Hestness

erlend.hestness@stord.kommune.no

Sissel Karin Fossoy

sissel.karin.fossoy@stord.kommune.no

Linda Karin Nylund

linda.karin.nylund@stord.kommune.no

Catharina Michelle Abelsen

catharina.michelle.abelsen@stord.kommune.no

Fagarbeidarar:

Henrik S. Lilleheie

henrik.skjetne.lilleheie@stord.kommune.no

Smjta Pakhare

smita.pakhare@stord.kommune.no


Cathrine Vatna Bjørnbakk Gundersen

cathrine.bjornbakk.vatna@stord.kommune.no

Gjertrud Kibsgård

gjertrud.kibsgard@stord.kommune.no

Kontaktinformasjon



Telefon til skulen:

Kontor: 53 40 96 70

Rektor: 53 40 96 72 Mobil: 926 65 332

Sidan både avdelingsleiarar og rektor ofte er opptatt med undervisning, er det lettast å få kontakt med oss før undervisninga startar , frå 08.00-08.30, og etter skuletid, 14.00 - 15.00.

Meldingar til kontaktlærer/Visma:

Stord kommune nyttar det skuleadministrativt systemet **Visma Flyt Skole**. Dette systemet er for utveksling av meldingar mellom skule og heim, og Visma Flyt Skole kan lastast ned som app.

Bruk denne tenesta når de skal senda korte meldingar om tannlege, fråvere ved sjukdom og liknande.

Søknad om skulefri:


Kontaktlærer kan gi fri inntil ein dag. For alle permisjonar utover ein dag skal søknads-skjema fyllast ut i [Visma Foresattportal](#) og sendast til rektor i god tid før permisjonen startar.

Lenkje finn ein og på [skulen si nettside](#), under «Reglement og skjema».



SCAN ME

Organisering av dagen



Organisering av skuledagen:

1.-4. trinn:

08.30: Skulestart

10.30-11.00: Midttime

12.00-12.30: Friminutt/

12.00: Skuleslutt tysdag og fredag

13.45: Skuleslutt 1. -2. trinn måndag, onsdag og torsdag/

13.55: Skuleslutt 3.-4. trinn måndag, onsdag og torsdag/

14.00: Skuleslutt 5.-7. trinn måndag, onsdag, torsdag og fredag.

5.-7. trinn:

08.30: Skulestart 5.-7. trinn

10.30-11.00: Midttime


12.30-13.00: Friminutt/

12:15 Skuleslutt tysdag

Leksehjelp:

Skulen tilbyr leksehjelp for 5.-7. trinn etter skuleslutt måndag og onsdag, frå kl. 14.00-15.00. Søknadsskjema finn ein på [skulen si nettside](#), under «Reglement og skjema».





Organisering av dagen

Organisering av dagen i skulefritidsordninga (SFO)

SFO er eit omsorgs- og fritidstilbod for 1.-4. trinn.

Opningstid: 06.45-08.30 og frå skuleslutt til 16.15.

Du kan søkje om plass for barnet ditt i skulefritidsordninga (SFO). Det er eit tilbod før og etter skuletid til barn i 1. til 4. klasse og til barn med spesielle behov i 1. til 7. klasse.

Søknadsfristen er 1. april og vedtak/opptak skjer kontinuerleg fram til skulestart. Dersom det er plass, kan skulen gje tilbod om SFO til elevar òg ut over denne fristen.

Du søker om plass på Litlabø skule si nettside, under «Reglement og skjema».

Tilbod om SFO i ferie og på skulefrie dagar

Føresette kan søkja om sommar-SFO og SFO på skulefrie dagar (undervisningsfrie og planleggingsdagar). **Søknadsfrist er 1. april.**

12 timar gratis SFO for fyrste- og andreklassingar

Fyrste- og andreklassingar har rett på 12 –timar gratis SFO i veka i kjernetida.

Måndag, onsdag, torsdag kl.13.45-16.15, tysdag kl.12.00-14.30 og fredag kl.12.00-14.00

Ein søker direkte til Stord kommune via heimesida.


Redusert betaling for elevar på 1. til 4. trinn

Dersom den ordinære prisen er meir enn 6% av den samla årelege inntekta til familien, har du rett til ein redusert pris.

Barn med særskilde behov

Dersom du har eit barn med særskilde behov og som dermed får eit SFO-tilbod, skal tilbodet vere gratis for barn i 5.-7. trinn.

Ein leksebevisst skule



Lekser gir gode arbeidsvanar og bidreg til betre læringsresultat. Mykje av forskinga om effekten av lekser har lite utdjupande data om den pedagogiske tilrettelegginga, men forskning (*tal og forskning, 2016*) viser at dei som gjer lekser, presterer i gjennomsnitt betre på prøver. Nyttene elevane har av lekser for læringsutbytte, stig med aukande alder. I følgje forskning er lekser med på å utvikle elevane sine arbeidsvanar, disiplin og evne til sjølvstendig problemløysing. Lekser er mest effektive når dei vert gitt på områder der elevane treng mange repetisjonar, og når elevane ikkje treng rettleiing frå ein lærar. Den same forskingsgjennomgangen viser at lekser ikkje må underminere elevane sin motivasjon, og at feil bruk av lekser kan leie til skuletrøyttheit og utmatting.


Litlabø skule har jobba mot å bli ein leksebevisst skule. Me ønskjer å gi lekser for å trene opp elevane sine kunnskapar og ferdigheiter. For oss er det viktig at elevane lærer seg å planleggje og organisere tida si, utvikle gode arbeidsvanar, sjølvdisiplin og få sjølvinn-sikt i korleis dei best lærer.

Me som pedagogar skal variere lekseformene og det faglege innhaldet i leksene. Me skal gi lekser tilpassa den enkelte elev, slik at lekser blir interessant, motiverande og gir den enkelte elev lyst til å lære.

Pedagogane på Litlabø skule har laga ei leksetrapp, der me tenkjer ei makstid på leksearbeid for elevane. Her blir eit godt samarbeid mellom heim og skule viktig.

TRIVSEL, UTVIKLING OG LÆRING

Reglar for orden



ORDENSREGLAR FOR LITLABØ SKULE:

1. Me tar godt vare på skulen vår, og alt som høyrer skulen til. Om ein øydelegg skulen sine ting, kan ein bli erstatningspliktig.
2. Dersom du kjem for seint, eller vert borte frå skulen, må skulen få Visma-melding så tidleg som råd er den same dagen.
3. Alle møter presis til timane.
4. Det er ikkje lov å bruka snop og tyggegummi på skulen, kun etter avtale med læraren.
5. Tobakk, snus og rusmiddel er ulovleg.
6. Dersom du har med deg mobiltelefon eller smartklokke på skulen, skal den vera avslått og liggja i sekken din til skuledagen er slutt.
7. Det er kun lov å kasta snøball på blink.

Dersom du bryt ordensreglane kan konsekvensane verte:


- Dei vaksne vil snakka med deg.
- Du kan få mobiltelefonen eller smartklokka inndregen dersom du brukar han i skuletida.
- Du kan få melding heim.
- Du kan verta bortvist frå klassen og må snakka med rektor.
- Du kan verta bortvist frå skulen for resten av dagen. Du vil få forklara deg først og foreldra dine vil verta varsla.

NB!

Les elles forskrift om reglement for orden og åtferd i grunnskulane i Stord kommune. Du finn lenkje på heimesida til skulen, under reglement og skjema eller ved å scanne QR-koden.



Reglar for bruk av IKT i Stordskulen



IKT (informasjon, kommunikasjon og teknologi) skal bidra til å skapa motivasjon og tilpassa opplæring for alle elevar slik at læringsutbyttet aukar.

Reglar for bruk:

Det meste er lov, men det er ikkje lov å

- Dela brukarnamn og passord med andre
- Bryta seg inn i andre sine kontoar (stele passord)
- Misbruka andre sin identitet eller opptre med falsk identitet
- Bruke urimeleg med systemressursar (særskilt bandbreidde og skrivarar)
- Forstyrre IKT-ressursar og tenester på skulen
- Installera programvare
- Laste ned, oppbevare, distribuere eller kopiere materiale som bryt med reglar for opphavsrett eller norske lovar og forskrifter
- Laste ned og framvise upassande materiale

Brot på desse reglane vert rekna som brot på skulen sitt ordensreglement. Systemansvarleg kan utan førevarsel sletta materiale som bryt med reglane for IKT-systema ved skulen. Lærar kan inndra maskin dersom det skjer brot på reglane i dette dokumentet.

Skulen si nettside og Facebookside


Litlabø skule har eiga [nettside](#) og Facebookside.

Hege Karin Havn er nettredaktør og rektor Anne Hege Rogne er ansvarleg redaktør.

I tråd med Datatilsynet sine retningslinjer legg me ikkje ut fullt namn, adresser og personlege opplysningar. Det er høve til å reservera seg mot at det vert lagt ut bilete av eleven, men det gjeld ikkje ved avstandsbilete. Me har som mål at det alltid er aktiviteten som skal vera i fokus, ikkje eleven.

Vekeplan for trinna finn det under fana «Klassar» på skulen si nettside. Her finn de og anna relevant informasjon.

Elevane sitt skulemiljø



Opplæringslova kapittel 9A

Alle barn har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremmar trivsel, helse og læring (§9 A-2).

Skulen skal ha nulltoleranse mot krenkingar som mobbing, vald, diskiminering og trakassering (§9 A-3) på skulen, på skulevegen, på SFO og på leksehjelp.

Alle som jobbar på skulen og SFO skal følge med på at elevane har det bra på skulen. Dersom ein vaksen på skulen veit om, eller trur, at ein elev blir mobba, plaga eller på andre måtar ikkje har det bra, skal han/ho alltid

- Gripe inn og stoppe krenkinga med det same, dersom mogleg
- Sei ifrå til rektor
- Undersøke det som har skjedd


Rektor har ansvar for å lage ein plan og setje inn tiltak for at eleven igjen får det trygt og godt på skulen igjen. Dette vert kalla for skulen si aktivitetsplikt.

Dersom du meiner at skulen ikkje har gjort nok for å stoppe krenkinga, kan du melde saka til Statsforvaltaren.

Trivselsprogrammet

Trivselsleiarar er Skandinavias største program for aktivitet og inkludering i barne- og ungdomsskulen. Mobbefrie trivselsleiarar (TL) er elevar frå 4.-7. trinn som bidreg til betre samhald og eit tryggare skulemiljø, gjennom organisert aktivitet i friminutta. At elevar som legg til rette for trivsel ikkje skal mobbe, er difor sjølvsgt. Opplæringslova §9A-3, tredje ledd, pålegg skulane å forhindre mobbing. Trivselsprogrammet bidreg også til auka aktivitet i undervisninga gjennom Aktiv TL-undervisning.

Trygg skuleveg



Hjartesone

Ein hjartesone rundt skulen gjer det sikrare for elevane å gå eller sykle. Mindre biltrafikk og tryggare stopp- og hentesonar er bra for alle!

Det er no forbode å køyre inn på skuleorådet vårt på dagtid. Me har parkeringsplass på utsida av skuleporten, samt stopp- og hentesone nede ved sнопlassen.

Ver med på å skape tryggare og sikrare skuleveg for barna!

Dersom de ønskjer å lese meir om hjartesone, finn det informasjon her:

<https://www.tryggtrafikk.no/skole/hjartesone/>



HJERTESONE
TRYGGERE SKULEVEI


Sykling

Dersom eleven får lov heime, kan dei sykla til skulen. Alle følgjer sjølvstøtt trafikkreglane (hugs refleks og lys på sykkelen), og FAU har bestemt at alle elevane skal bruka hjelm.

Aldersgrensa for å køyre elsparkesykkel er 12 år. Barn under 15 år er påbudt å bruke hjelm. Alle sykklar, uansett tal på hjul, skal stå parkert ute i sykkelstativet gjennom skuledagen.



Skulehelsetenesta



Informasjon om Skulehelsetenesta

Tenesta er eit lågterskeltilbod, forankra i «Helse- og omsorgstenestelova».

Helsesjukepleiar har teieplikt.

Faste oppgaver gjennom skuleåret:

- 1. trinn: Legeundersøking og samtale med helsesjukepleiar med foreldre. Hørsel, vekt og høgde.
- 2. trinn: Vaksine mot difteri, stivkrampe, polio og kikhoste. Undervisning om psykisk helse; «psykologisk førstehjelp».
- 3. trinn: Vekt og høgde.
- 5. trinn: Pubertetsundervisning i grupper. Undervisning om psykisk helse ; «Psykologisk førstehjelp» .
- 6. trinn: MMR-vaksine.
- 7. trinn: Vaksine mot HPV, 2 dosar.

Helsesjukepleiar arbeider tverrfagleg ved behov, m.a. med skule, fastlege, PPT og BUP, og deltek i BTI-arbeid rundt enkeltelevar («betre tverrfagleg innsats» for barn og unge).

Samarbeid skjer etter samtykke frå foreldre.

Elev eller foreldre kan ta kontakt med helsesjukepleiar på skulen om det er noko dei ynskjer å ta opp. Døme på tema kan vere kosthald, søvn, fysisk aktivitet, grensesetjing, mobbing, endring i familieforhold, psykisk helse, vald og overgrep.

Helsesjukepleiar på Litlabø skule er Ingrid Digernes, og ho kan treffast på skulen måndagar frå kl.08:30 til kl. 11:30 og onsdagar (heile dagen).

Tlf: 53 40 96 74/ mob 97 55 21 19

Mail: ingrid.digernes@stord.kommune.no